



Olav Thorsheim  
Vassbygdvegen 484  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/1820 - 19/25917

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
18.11.2019

## Avslag på søknad om utsleppsløyve - gbnr 181/1 og 181/11 Torsheim

**Administrativt vedtak:** Saknr: 480/19

**Tiltakshavar:** Olav Thorsheim  
**Ansvarleg søkjar:** Hjelmås VVS AS  
**Type utslepp:**  
**Søknadstype**

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Heimelshavar Olav Thorsheim har i søknad mottatt 18.06.2019 søkt om nytt utsleppsløyve for eigedomane gbnr 181/1 og gbnr 181/11. Det er søkt om utsleppsløyve til felles minireinseanlegg av typen Klargester biodisc med etterpolering der utsleppet skal gå vidare til etablert jordbruksgrøft. Det skal installerast vassklosett. Utsleppet sin storleik er oppgitt til 15 pe.

Søknaden gjeld oppgradering av godkjend utsleppsløyve for to bustadhus på gbnr 181/1 og auka utsleppsløyve for eitt bustadhus på gbnr 181/11. Bustadhusa på gbnr 181/1 har i dag utslepp av svartvatn som vert reinsa i slamavskiljar og sandfilteranlegg før utsleppet vert ført til terreng. Bustadhuset på gbnr 181/11 har i dag godkjend utsleppsløyve for gråvatn.

Ansvarleg søkjar Hjelmås VVS AS skriv i tilleggsdokumentasjon datert 17.07.2019 at viljen til å oppgradera utsleppet frå 3 bueiningar bør vega tungt i saka, at avløpsreinseanlegget vert plassert utanfor sikringssona for nedslagsfeltet og at omsøkte utsleppsløyve vil gje ein betre situasjon enn i dag. Søkjar skriv vidare at oppgradering av avløpsreinseanlegg for bustadane på gbnr 181/1 føretset at eigedomen gbnr 181/11 også får godkjend auka utslepp for svartvatn.

### Historikk

Det vart i 2015 også søkt om utsleppsløyve for svartvatn for gbnr 181/11, der utsleppet skulle reinsast i minireinseanlegg. Søknaden vart endeleg avslått i vedtak i klagenemnda den 12.06.2017.



### **Planstatus**

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen for 2019-2031 sin arealdel er definert som LNF-føremål. Tiltaket skal etablerast innanfor sikringssona H110\_sD03, som er nedslagsfelt til drikkevasskjelde.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### **Uttale frå anna styresmakt**

Søknaden har vore send på høyring til kommuneoverlegen, teknisk drift ved avdeling for vatn og avløp og Mattilsynet i skriv datert 05.07.2019. Kommunen har i høyringsskrivet gjort følgjande førebelse vurdering av søknaden:

*«Vår førebelse vurdering er at det kan gjevast utsleppsløyve til minireinseanlegg for bustadhusa på gbnr 181/1. Dette vil gje ei oppgradert avløpsløyving.*

*Kommunen er negativ til å gje utvida utsleppsløyve (frå gråvatn til svartvatn) for bustadhus på gbnr 181/11. Vi kan ikkje sjå at det ligg føre nye moment i denne søknaden som tilseier ei anna vurdering av søknaden enn tidlegare avgjerd. Dei forhold som var gjeldande i vedtaket frå 2017 gjer seg framleis gjeldande med styrke.»*

Teknisk drift har i skriv datert 12.07.2019 kome med tilbakemelding om at dei er samd i kommunen si førebelse vurdering av søknaden.

Mattilsynet har kome med uttale i skriv datert 24.07.2019. Dei skriv:

*«Mattilsynet har ingen merknader til den vurderinga Lindås kommune har gjort. Mattilsynet er samd med kommunen i at det er svært viktig å sikre tilstrekkeleg vern av drikkevasskjelda til Lindås kommune. Vi minner om at det går tydeleg fram av drikkevassforskrifta § 4 at det er forbode å forureine drikkevattn.»*

### **Passering**

Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 13.06.2019.

### **Reinseløyving**

Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i minireinseanlegg av typen Klargester biodisc med etterpoleringsgrøfter før utsleppet vert ført vidare til etablerte jordbruksgrøfter i området.

### **Privatrettslege tilhøve**

Olav Thorsheim eig både gbnr 181/1 og 181/11. Avløpsanlegget er i sin heilskap plassert på eigne eigedomar.

## **VURDERING**

### **Heimelsgrunnlag**

Søknader om utsleppsløyve med storleik inntil 50-pe skal handsamast etter reglane forureiningslova paragraf 11, jf. forureiningsforskrifta paragrafane 12-3 og 12-5.

Etter paragraf 12-3 i forskrifta kan ingen setja i verk nye utslepp eller auka utslepp vesentleg utan at løyve er gitt i medhald av paragraf 12-5. Etter forureiningslova § 11 «kan» forureiningsstyresmakta, etter søknad, gje løyve til verksemd som kan medføre forureining. Ved handsaminga av søknaden skal kommunen vurdere konsekvensen av utsleppet opp mot dei interesser som gjer seg gjeldande i området. Ingen har krav på å få utsleppsløyve.

### **Planstatus**

Kommuneplanen 2019-2031 gjeld for området. Planen vart godkjend i møte i kommunestyret 15.10.2019. Eigedomane ligg innanfor sikringssone H110\_sD03 som er nedslagsfeltet til hovuddrikkevasskjelda til Lindås kommune. I samsvar med føresegn 4.1.1 er drikkevasskjelder med tilhøyrande nedslagsfelt (H110) med vedtekne klausular for bruk, bandlagt og skjerma.

Det er forbod mot å forureina drikkevatt. Forbodet omfattar alle aktivitetar, frå vasstilsigsområdet til tappepunkta, som medfører fare for at drikkevattet blir forureina. Innanfor nedslagsfeltet kan det ikkje førast opp ny bustad eller fritidsbustad, eller godkjennast nye tiltak knytt til eksisterande bygd eigedom som legg til rette for auka eller endra bruk. Det vert ikkje opna for nye eller auka utslepp i området.

Tiltak innanfor sona må og forhalda seg til gjeldande klausuleringar for området.

Eigedomen gbnr 181/11 har i dag eit godkjend utsleppsløyve for gråvatn. Søknaden som ligg føre omfattar installering av vassklosett og må vurderast som ein vesentleg auke av eksisterande utslepp. Søknaden er i strid med kommuneplanen då det i føresegn 4.1.1 ikkje er opna for nye eller auka utslepp innanfor nedslagsfeltet. Eit auka utslepp for eigedomen er heller ikkje i samsvar med § 4 i klausuleringsføresegnene der det er fastsett at bustadar og hytter innanfor ein avstand på 100 meter frå vatnet primært skal ha biologisk klosett utan avløp. At plasseringa av anlegget vert flytta slik at avstand til vatnet vert meir enn 100 meter vil ikkje endra denne vurderinga.

### **Kravet til likehandsaming**

Advokat Nundal hos Harris Advokatfirma AS viser i skriv datert 09.10.2019 til at søknaden som no ligg føre er ein annan enn tidlegare innsend søknad reint teknisk. Anlegget vert no liggjande meir enn 100 meter frå Storavatnet og løysinga legg til rett for fornying av fleire bustadar.

Han skriv også at kommunen ved teknisk drift har akseptert same løysing for naboeigedomen gbnr 182/8, og at han reknar med at kommunen handsamar innbyggjarane sine likt. Det vert vidare nemnd at klausuleringskjetten frå 1982 legg til rett for at eksisterande bygningar kan fornya seg, jf. punkt 2 § 1 i klausuleringsføresegnene.

Det er eit grunnleggande forvaltningsprinsipp at like tilfelle skal handsamast likt. Tilfella må vere lik både faktisk og rettsleg, og samanlikningsgrunnlaget er eintydig og konsekvent praksis, jf. Rt-2011-111 (avsnitt 68). Forskjellshandsaming er berre tillatt dersom den er sakleg.

Saka på gbnr 182/8 gjeld søknad om endring av eksisterande avløpsløysing frå tett tank til minireinseanlegg. Eigedomen har i dag utslepp av svartvatn til tett tank og har søkt om å oppgradera avløpsløysinga til reinsing i minireinseanlegg i staden. Saka gjeld ikkje nytt eller auka utslepp frå eigedomen. Teknisk drift har i denne saka gitt uttale med omfattande krav til reinsing av aløpsvatnet. Det er ikkje fatta vedtak i saka som no er avslutta.

Administrasjonen vurderer at sakene på gbnr 182/8 og gbnr 181/11 ikkje er like, verken faktisk eller rettsleg. Saka på gbnr 181/11 gjeld auka utslepp, noko som ikkje er tilfelle for gbnr 182/8 der utsleppet er uendra i forhold til eksisterande situasjon. Det er heller ikkje fatta vedtak i saka, berre gitt ein uttale. Saka på gbnr 182/8 er no avslutta. Vurderinga er at det ikkje ligg føre usakleg forskjellshandsaming.

### **Samla vurdering**

Krava til drikkevassforsyning, samt sikring og vern av vasskjeldene, har eit stadig større fokus. Det kan i den samanheng visast til drikkevannsforskriften frå 1. januar 2017, der det i paragraf 4 er nedlagt eit generelt forbod mot å forureine drikkevann, forbodet gjeld også all aktivitet som medfører fare for slik forureining. Saman med det rettslege rammeverket skal dei gjeldande føresegner knytt til kommuneplanen sin arealdel og klausuleringsføresegnene for området ivareta dette.

Søknaden om auka utslepp frå bustad på gbnr 181/11 vil vera i strid med både gjeldande plan for området og klausuleringsføresegnene og vert avslått.

Kommunen er positiv til at eksisterande utsleppsløysingar i området vert oppgradert og vil kunne godkjenna ei oppgradering av eksisterande utslepp for eigedomen gbnr 181/1 på gjevne vilkår. Det er i søknaden gjort greie for at oppgradering av utsleppet frå bustadane på gbnr 181/1 føreset at det vert gitt utsleppsløyve for svartvatn for gbnr 181/11. Når søknaden om utsleppsløyve for eigedomen gbnr 181/11 vert avslått har vi ikkje funne grunn til å handsama søknaden om oppgradering av utsleppsløysinga for gbnr 181/1.

### **VEDTAK**

**Med heimel i forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, vert det ikkje gjeve utsleppsløyve for gbnr 181/11.**

**Då ansvarleg søkjar har gitt melding om at oppgradering av avløpsanlegget for gbnr 181/1 føreset at det vert gitt utsleppsløyve for gbnr 181/1 finn vi ikkje grunn til å handsama søknaden for denne eigedomen.**

**Grunngjevinga for vedtaket går fram av vurderinga over.**

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5.

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og

kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

### **Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet**

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.:**

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Hjelmås VVS AS

Torvhusmyrane 2 5913

EIKANGERVÅG

### **Mottakarar:**

Olav Thorsheim

Vassbygdvegen 5912  
484

SEIM